

Praktisering anleggsbidrag.

Når nye kundar skal knyte seg til straumnettet, eller når eksisterande kundar ønskjer auka uttak, vil det ofte vere naudsynt å bygge ut eller forsterke straumnettet. Kostnadane ved slike tiltak skal dekkast av kundane i form av eit anleggsbidrag.

Sognekraft praktiserer denne ordninga på ein slik måte at den som utløyer kostnader ved nybygging eller endringar/forsterkingar i høgspenst eller lågspenst-nettet, vert belasta økonomisk. Ved større utbyggingar, til dømes byggjefelt, er det byggherre/bestillar som skal forskottere kostnaden med å etablere nettanlegg.



Kunden skal betale alle naudsynte kostnader ved tilknytning og forsterkning. Dette vil omfatte timekostnader, materiellkostnad og eventuelle kostnader til eksterne tenester (maskiner, entreprenør og liknande.).

Døme: Dersom kunden ikkje sjølv syter for graving av godkjent grøft, vil grøftkostnaden inngå i anleggsbidraget.

Anleggsbidraget vert berekna ut frå Sognekraft sin standard for bygging av nett og omfattar forsyning fram til grensesnitt mellom Sognekraft og kunden, som regel ved husvegg/utvending inntaksskåp.

Ved bestilling av tilknytning eller forsterkning gjev Sognekraft skriftleg estimat på forventa anleggsbidrag.

Endring frå 1. januar 2016.

Frå 1 januar 2016 fall tidlegare praksis med i gje 30.000.- kroner i botnfrådrag pr tilknytingspunkt bort. No skal alle betala sin andel av prosjektkostnaden.

For meir detaljert informasjon omkring anleggsbidrag sjå gjeldande retningsliner for Sognekraft AS på våre heimesider: <http://nett.sognekraft.no/kundesenter/byggjeoggrave/>